



LUSTER KOMMUNE
Postboks 77
6866 GAUPNE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Halvor Røssum, 5764 3144

Referat frå folkemøte i Luster kommune om ei mogeleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark

Tid og stad:

Torsdag 23. mars 2023. kl. 1800 – 2030, Fjordstova, Skjolden.

Til stades:

Statsforvaltaren i Vestland ved Maria Knagenhjelm (seniorrådgjevar, naturmangfaldseksjonen) og Halvor Røssum (rådgjevar, naturmangfaldseksjonen).

Luster kommune ved Ivar Kvalen (ordførar) og Knut Vidar Svanheld (plansjef).

Om lag 20 frammøtte.

Referat:

Orientering frå Statsforvaltaren:

Ordførar Ivar Kvalen ønskte velkommen til folkemøte. Maria Knagenhjelm ønskte velkommen på vegner av Statsforvaltaren, og fortalte kva vi ønskte å sitja att med etter dette møtet. Målet med møtet var todelt: vi ønskte å få orientere om prosessen rundt ei mogeleg utviding av Jotunheimen, og å få innspel til kva mogelegheiter og utfordringar lokale aktørar ser med ein eventuell verneprosess. Statsforvaltaren innleia med å takke grunneigarane og rettshavarar i området for å ha forvalta områda slik at naturverdiane har blitt så godt ivaretekne. Ho understrekte at dette ikkje er eit tvangsvern, men eit ønskje om dialog om korleis fjellområda skal bli forvalta i framtida.

Statsforvaltaren ved Halvor Røssum orienterte om oppdraget vi har fått knytt til ei mogleg utviding av nasjonalparken og om ei mogleg omgjerding av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde, før han presenterte dei naturkvalitetane og brukarinteressene vi kjenner til i området per no. Deretter vart den vidare prosessen skissert. Dersom kommunen seier ja til å få greidd ut vern, og seier ja til vern etter ei kunnskapsutgreiing, vil eit potensielt utvidingsvedtak i statsråd kunne sjå dagens lys nokre år fram i tid.



Ein verneprosess vil ikkje bli satt i gang utan at kommunen seier ja til ei utgreiing av verneverdiar og brukarinteresser i området. Ein viktig del av ein eventuell verneprosess er å innhente meir kunnskap om naturverdiar og brukarinteresser i området. Om kommunen seier ja til å starte verneprosessen kan den likevel seie nei til vern av området på eit seinare tidspunkt i prosessen. Ved eit eventuelt «nei» vil arbeidet med å utvide Jotunheimen nasjonalpark i Luster kommune stoppe.

Statsforvaltaren presenterte eit kart over det aktuelle utgreiingsområdet. Kartet illustrerer kva område som kan vere aktuelle for utviding. Å avgjere kvar grensene kan gå vil vere ein del av den vidare verneplanprosessen, dersom det er aksept for å starte dette arbeidet. Å synfare dei enkelte områda i lag med kommunen og grunneigarar vil vere ein viktig del av kunnskapsinnhentinga.

Presentasjonen som vart brukt under orienteringa finn du på Statsforvaltaren i Vestland sine heimesider: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/innleiande-dialog-om-mogeleg-utviding-av-jotunheimen/>

På desse sidene finn du også meir utfyllande informasjon om prosessen og området.

Innspel, spørsmål og svar

Hans Kristian Sæta, Luster Røde Kors, spurte om eit utvida verneområde vil få konsekvensar for aktiviteten til hjelpekorpsset. Hjelpekorpsset opererer i dei delane av Jotunheimen som ligg i Luster kommune.

Statsforvaltaren v/Halvor Røssum svara at redningstenesta er viktig beredskap, og at den operative aktiviteten ikkje vil bli avgrensa av ei mogeleg utviding av nasjonalparken. I verneforskrifta for Jotunheimen heiter det at øvingsaktivitet skal skje utanfor verneområde, der dette er mogeleg. Ivar Kvalen, som sit i Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre, fortalte at øvingsaktivitet og kjentmannskøyring kan skje innanfor verneområdegrensene dersom det er naudsynt. Politiet og verneområdestyret har ein god dialog rundt desse spørsmåla, og er imøtekommande med hjelpekorpsa sine behov, då dei utgjør ein viktig beredskap for området.

Hans Kristian Sæta spurte om det er aktuelt at Røde Kors blir med i ei referansegruppe om verneplanprosessen blir sett i gang. Vidare uttrykte han at det er viktig å ta vare på villreinstamma, særleg i den mest sårbare perioden på våren. Det er mykje topptur-aktivitet i dette området, og han har sjølv sett villreinflokken bli splitta av nedkøyrande skigåarar. Han peikte på at forvaltninga må bli meir aktive i å informere folk om den sårbare reinen.

Statsforvaltaren svara at dei stiller seg positive til å ha med representantar frå redningstenesta i ei eventuell referansegruppe. I dette området er det ein del utfordringar med utfart og villrein, og god informasjon kan vere eit viktig verkemiddel for å løyse desse utfordringane. Dette vil vere tema som det er naturleg å greie ut i ein eventuell verneprosess.

Ivar Kvalen sa at det er nokre økonomiske fordelar som følger med statusen som verneområde. Det har vorte brukt mykje pengar til bruedlikehald, skjøtsel og liknande i verneområdestyre han har delteke i. Mellom anna har det vorte bygd eit utkikk/besøkspunkt på Sognefjellet og eit nytt utkikkspunkt ved Vettisfossen blir ferdig stilt no i mai. I Jostedalsbreen nasjonalpark har det blitt tildelt 2,4 millionar til rydding av stølsområde, infoskilt, bruer og klopper, og liknande berre i år. Dette er statlege tiltaksmiddel som verneområdestyra søker om. I Sunndalen i Stryn, som er ein viktig beitedal i Jostedalsbreen nasjonalpark, hadde kyrne problem med å kome seg til setra grunna



store kyr og dårleg sti. Der søkte verneområdestyret om pengar for å ruste opp stien. Dette fekk dei, og stien vart rusta opp slik at kyrne kan bruke den.

Anders Fortun fortalte at IL Fanaråk brukar Sognefjellet og området rundt Turtagrø mykje, og at han var litt skuffa over at Statsforvaltaren ikkje nemnte dette i presentasjonen. Anders Fortun ville stå til disposisjon dersom Statsforvaltaren ønskja meir kunnskap og historikk om området. IL Fanaråk har hatt fleire arrangement i området, mellom anna Tinderittet. Dette har vorte arrangert i mange år, men no er det fleire år sidan sist. Han fortalte at når arrangement i området tidlegare har hatt pause nokre år har dei fått løyve til å starte opp att, fordi dei har hatt ein form for «hevd». Vidare fortalte han at ein del av utgreiingsområdet for ei mogeleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark er i same område som sommarskisenteret på Sognefjellet har mykje aktivitet. Dette området er i Lom kommune.

Halvor Røssum svarte at kommunestyret i Lom har gjort vedtak om å ikkje gå vidare med verneplanprosessen, og at den delen av utgreiingsområdet som ligg i Lom difor ikkje lenger er aktuelt per no for nasjonalparkstatus. Det er viktig for Statsforvaltaren å vite om korleis området blir nytta, og set pris på informasjon om dette. Dette kan bidra til å finne smidige grenser som gjer at både verneverdiar og brukarinteresser blir teke godt i vare om det blir aktuelt med ei utviding av nasjonalparken.

Anders Fortun sa at det er viktig for IL Fanaråk å få løyve til å gjennomføre arrangement, og at dette vil ligge til grunn for om idrettslaget er positive eller ikkje til vern. Vidare fortalte han at dei åra Tinderittet vart arrangert hadde dei god kontakt med tidlegare fjelloppsyn Einar Fortun, som kjente godt til kvar reinsflokk var og kva den tåla av forstyrning. Simlene trakk ofte sørover tidleg for kalving, medan bukkflokk som toler meir forstyrning vart i området lenger. Variasjon i dei årlege vinterforhald, slik som snødjupne og om beite er isa eller ikkje, er også ein del av vurderinga kring kor mykje reinen toler av forstyrning.

Halvor Røssum svarte at det er viktig med god kunnskap om korleis reinsflokk bruker området. I forbindelse med kvalitetsnorm for villrein blir arealbruken til villreinen i dette området kartlagt. Dette arbeidet blir ferdig i haust, og det dei finn ut vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget som vil ligge til grunn for ei eventuell utviding av verneområdet.

Anders Fortun sa at han også er involvert i Tindevegen, og at når dei opnar vegen her så freser dei vegen slik at reinen kan trekke over. Reinen trekk ikkje over vegen om brøytekantane er for høge. Slike tiltak bør og vurderast når Sognefjellsvegen blir brøyt fram til Huldehaugen.

Ivar Kvalen peika på at Jotunheimen er eit av dei mest besøkte verneområda vi har, med attraksjonar som Galdhøpiggen og Besseggen. Å informere dei som besøker Jotunheimen er difor viktig, og noko nasjonalparkstyret er opptekne av. Om nasjonalparkgrensene blir flytta vil det kunne bli betre å drive dette informasjonsarbeidet, då nasjonalparkgrensene vil kome nærmare der dei besøkande startar turen sin. Den sårbare naturen i området vil vere der uansett, men om den får nasjonalparkstatus vil ein kunne få fleire verkemiddel for å både informere og styre dei besøkande betre. Med ei utviding av verneområdet vil forvaltningsmyndigheita kunne drive meir besøksforvaltning til det beste også for villreinen.

Andreas Wollnik Wiese fortalte at han driv med stølsdrift langs Tindevegen, og at den store trafikken der kan vere eit problem. Mellom anna har det vore tilfelle der det har vore vanskeleg for mjølkebilen å kome fram, fordi det har vore for mange campingbilar i og langs vegen. Å flytte grensa



kan gje fleire verkemiddel for å løyse desse problema. Då kan ein både leggje betre til rette for dei som kjem for å oppleve området, og unngå farlege situasjonar ved å betre parkeringsforholda.

Anders Fortun fortalte om at det tidlegare vart drive opplæring- og informasjonsarbeid av skuleklasser i området, mellom anna med prøvefiske på Prestesteinsvatnet.

Ivar Kvalen fortalte at dei forsøker å få inn att middel til naturvegleiing i statsbudsjettet. Han kommenterte også at det har vorte gitt løyve til å arrangere store arrangement som Skåla opp inne i nasjonalparkar, men at det ofte følgjer nokre vilkår med løyvet. Til dømes kan det bli sett krav om når arrangementet skal gjennomførast for å påverke naturkvalitetane minst mogleg, kor mange turar ein får fyke med helikopter, og liknande. På nokre tider av året, slik som rundt påske, er det til dømes ikkje ønskeleg med motorisert ferdsel i verneområda, då mange er ute for å nyte naturen. Dermed vil det i desse periodane vere vanskelegare å få løyve til motorisert ferdsel.

Anders Fortun fortalte at Sognefjellet sommarskiser tidlegare køyrte løyper på Fanaråkbreen, men at dei frå 1990 har brukt området rundt Sognefjellshytta med strøing av salt, slik at snøen held seg lengst mogleg. Ferdselen som blir generert av sommarskiseret skjer på snø, og difor er dette som sporlaus ferdsel å rekne som ikkje slit på naturen. Det er viktig for IL Fanaråk å ikkje etterlate seg spor.

Stina Skjerdal, Naturvernforbundet Indre Sogn: representerer naturen som ikkje kan prate sjølv. Naturvernforbundet er glade for verneframlegget, og synsast det høyrast bra ut at lustringar er så glad i naturen sin. Ho tolkar at lustringane er positive til å starte ein verneplanprosess, og er glad for det.

Halvor Røssum: takk for innspelet. Sit att med inntrykket av at folk er glad i og oppteke av desse områda, og at dei aller fleste har eit ønske om å ta vare på denne naturen slik at også kommande generasjonar kan setje pris på den; uavhengig av om vernegrensene blir endra eller ikkje. Dette bringer håp for framtida.

Det kom spørsmål frå salen om kva som skjer viss Årdal seier nei til å starte verneplanprosessen, og Luster seier ja. Halvor Røssum svarte at verneplanprosessen vil starte for areal i dei kommunane som gir lokal aksept, uavhengig av kva den andre kommunen seier.

Anders Fortun peika på at det har kome fram mykje søppel i nærleiken av Fanaråkbreen. Kven har ansvaret for å rydde opp?

Ivar Kvalen: Rigmor Solem i SNO kjenner til dei fleste område med søppel i området. I nokre tilfelle er det klart kven som står bak forsøplinga. Når det er klart og tydeleg at det er einskilde aktørar som står bak, bidreg dei gjerne til oppryddinga. Dette er til dømes tilfelle med Hydro. Der det ikkje er klart kven som har forårsaka bos i fjellet vil tiltaksmidlane frå nasjonalparkstyra kunne bli prioritert til oppryddingsprosjekt. Breane er i ferd med å forsvinne, og særleg på austsida av Jotunheimen der vintrane blir tørrare og somrane blir varmare. Dette gjer at mange gamle kulturminne dukkar opp.

Aina Elise Stokkenes: Korleis er det med buffersoner rundt nasjonalparken?

Maria Knagenhjelm: I utgangspunktet er det aktiviteten innanfor grensa som blir regulert av verneforskrifta. Likevel er det slik at aktivitet utanfor verneområdet av og til kan påverke verneformålet, som til dømes at det er ein rockekonsert rett utanfor eit verneområde med artar som



t.d. er sårbare for støy. Eller at eit myrområde som er verna får djupe dreneringsgrøfter utanfor vernegrensa. Då slår naturmangfaldlova inn for å framleis sikre verneverdiane i verneområdet. Ein hytteeigar i området: kan verneforskrifta avgrense aktivitet utanfor verneområde? Til dømes sprenging utanfor verneområdet i samanheng med hyttebygging.

Maria Knagenhjelm svarte at det aller meste av aktivitet utanfor vernegrensene vil vere lov, og at det er andre lovverk som forureiningslovverk og plan- og bygningsloven, med meir som gjeld utanfor, der kommunen som oftast er myndigheit. Sprenging på ein hyttetomt utanfor eit verneområde, som kommunen har regulert, vil ikkje vere forbode, men det vil t.d. vere fornuftig om ein uansett legg vekt på hekkeperiodar for fugl, kalvingstider og t.d. utfartsperiodar for friluftsliv. Statsforvaltaren kom ikkje på andre døme på aktivitetar som kunne bli ilagt restriksjonar utanfor eit verneområde, men spørsmålet kan vi kome tilbake til ved ein seinare anledning, om det er ønskje om det. Ivar Kvalen nemnte at saka om gondol i Kjøsnestfjorden har liknande tematikk i seg, då topp-punktet på den planlagde gondolen ligg rett utanfor grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Knut Vidar Svanheld, plansjef i Luster kommune, lurte på kva som blir det neste steget i denne prosessen no. Kva tid er det fornuftig å behandle saka i kommunestyret, og kven held i trådane vidare? Grunneigarane uttrykte ønske om å organisere seg og kome med fleire innspel før eit vedtak blir gjort.

Halvor Røssum svarte at Statsforvaltaren vil lage eit grunnlagsdokument som følgjer med saka når den behandlast i Luster kommunestyre. I dette grunnlagsdokumentet vil dei brukarinteressene og verneverdiane vi kjenner til bli skildra, og innspela som har kome så langt i prosessen vil bli oppsummert. Grunneigarane må få tid til å uttale seg før eit vedtak blir gjort, og om dei får vite når kommunestyret skal behandle saka får dei god tid til å uttale seg.

Ivar Kvalen nemnte at siste møte i Luster kommunestyre før sommaren er 16. juni, og at dette er eit aktuelt møte å behandle saka om lokal aksept i.

Kristin Hauge spurte om kommunen vil koordinere å søkje om å få autorisert besøkssenter for nasjonalparken på vestsida av Jotunheimen. Med eit sentralt og ledig lokale midt i Fortun kan denne bli nytta til nasjonalparksenter, og slik bidra til å auke kunnskapen om den sårbare villreinen, m.m. Ivar Kvalen svarte at Luster kommune mest truleg vil sende inn ein søknad, og at både Fjordstova, gamlebutikken på Fortun og Turtagrø er aktuelle stadar der ein kan nytte eksisterande anlegg.

Vi takka for eit godt møte.

Referat: Halvor Røssum/Maria Knagenhjelm
Gjennomlest/godkjent av Ivar Kvalen den 11.04.2023.

Med helsing

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Halvor Røssum
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent